



**Eit sikkert sommarteikn er at mange fine skuter seglar gjennom Storsundet og i dag (tysdag) kom turen til sjølvaste SS Statsraad Lehmkuhl.
Han gjekk for sakte fart forbi Uskedalen ved 16.30-tida (biletet) og hadde vore ein svipptur til Rosendal og Mauranger.
No skulle han attende til Bergen.**

Ein kikk på seglingsprogrammet til Bergens maritime stoltheit fortel at den tremasta barken 2. juli seglar i vesterled til Kirkwall, Torshavn og Lervick og ikkje kjem att til basen før 12. juli.

Innover fjorden hadde båten 39 passasjerar, mange av dei utlendingar, og eit mannskap på 20 leia av kaptein Jarle Flatebø, som er frå Uskedalen og har røtene sine i Mauranger.

(Foto: Ola Matti Mathisen)